

# PROTOKOLL

## BARN OG UNGES KOMMUNESTYRE 2017



HÅ RÅDHUS  
03. NOVEMBER 2017

# INNKALLING

## Barn og unges kommunestyre

**Møtestad:** Kommunestyresalen Hå rådhus  
**Dato:** 03.11.2017  
**Tidspunkt:** Kl. 09:00

Eventuelt forfall må meldast til telefon 51 79 30 12 / 51 79 30 28 / 936 60 854.

### Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
001/17	Innspel frå elevråda til BUK 2017
002/17	Spørsmål til ordføraren BUK 2017
003/17	Fordeling av midlar BUK 2017

Varhaug, 15.11.2017

Jonas Skrettingland  
ordførar

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
001/17	Barn og unges kommunestyre	03.11.2017

Saksbehandlar: Trude Høyland  
 Sak - journalpost: 17/1724 - 17/28985

## Innspel frå elevråda til BUK 2017

### Bakgrunn for saka:

Tema for barn og unges kommunestyremøte er: Digital dømmekraft.  
 For at barn og unge skal kunne gjera trygge og gode val på nett, treng dei digital dømmekraft.

Elevråda ved den enkelte skule fekk i oppgåve å diskutera positive og negative sider ved bruk av chromebook/PC.

### Innspel frå elevrådet ved:

Elevane ved skulane var på talerstolen etter frammøtelista.

**Tryggheim ungdomsskule** ved Lillian Husveg Torkel Bjuland, Magnus Vesterøy Bryne

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none"> <li>· Raskt og effektiv</li> <li>· Lettere for lærerne å forstå</li> <li>· Lettere å gjøre gruppearbeid</li> <li>· Nyttig i presentasjoner</li> <li>· Lett å redigere dokumenter</li> <li>· Tilgang til internett (få tak i kilder)</li> <li>· Sparer naturen for ark (skogshogst)</li> <li>· Lettere for personer med dysleksi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Lett å bli distraheret</li> <li>· PC kan bli ødelagt og en kan miste mange dokumenter, hvis en ikke har lagret i skyen</li> <li>· Kildene stemmer ikke alltid</li> <li>· Dyrt å fikse PC</li> <li>· Nettmobbing, vanskelig å oppdage.</li> <li>· Kan skade øynene, hvis en ser for mye på PC skjermen.</li> <li>· Håndskriften kan bli dårlig, hvis en bruker PC for mye.</li> </ul>

## Varhaug ungdomsskule ved Sivert Varhaug og Sandra Kristiansen

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none"><li>- Det er lettare å finna informasjon på pc.</li><li>- For mange elevar går det raskare å skriva på pc enn for hand.</li><li>- Sidan det går fortare, er det enklare å ta notat kor ein får med alt.</li><li>- Ved bruk av google-docs er samarbeid med oppgåvar mykje enklare.</li><li>- Elevane som brukar pc verte dyktigare på pc bruk, noko som er nytting i arbeidslivet.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Det er lett å varta distraherert.</li><li>- Vert frista til å gjera andre ting enn det ein skal arbeida med.</li><li>- Enkelte plasser kan ein gå inn og redigera det lærarane har skrevet.</li><li>- Nokon elevar ynskjer alltid å bruka pc sjølv om det beste i nokre tilfeller vil være å teikna/skriva for hand .</li><li>- Elevar chattar i timane.</li><li>- Det er enklare å jukse på prøvar kor pc er i bruk enn om ein ikkje brukar pc.</li></ul>

## Bø skule ved Kristin Lindal og Oskar Vigre

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none"><li>· Ikkje alle har råd til PC, nå får alle sin eigen. Bra å få med heim.</li><li>· Felles reglar for bruk av skulens Chromebook'er er bra.</li><li>· Lettare å lese skrift som er skriven på data enn handskrift, og lettare å rette opp feil. Det er og lettare å skrive på tastatur enn for hand. Viktig at vi lærer oss å skrive på data.</li><li>· Praktisk når leksene er samla på data. Mindre bøker heim. Lettare å halde orden.</li><li>· Dersom du gløymer noko, kan du søke det opp på nettet.</li><li>· Chromebook: linker til nettsider ligg i Classroom. Kan gå inn på disc og sende mailar.</li><li>· Chromebook har touch- skjerm det er bra.</li><li>· Gode spel og nettsider skaper god og gild læring. Ein av dei er NRK Super.</li><li>· Kan dele med andre, samarbeid går enklare.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>· «Stress» å ta med heim for å lade.</li><li>· Skulens PCar, kan ikkje laste inn dei spela og programma vi hadde hatt lyst til. Mange sider er stengde.</li><li>· Dumt at nokon legg ut frekke ting på YouTube, Instagram og andre. Kan og gjere dette på discen på Chromebook.</li><li>· Kan komme i farlege situasjoner dersom ein chattar med framande.</li><li>· Må vere meir forsiktige med sekkane dersom ein har Chromebooken oppi. Redde for å knuse.</li></ul>

## Skulestyret og elevane på Varhaug skule ved Camilla Ueland

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilgjengeleg data for alle</li> <li>- Slepp dårleg handskrift</li> <li>- Kan høyre musikk, som gjer at enkelte konsentrerar seg betre</li> <li>- Gildare å skrive</li> <li>- Mindre bøker i sekken</li> <li>- Unngår mange skrivefeil</li> <li>- Går fortare på PC</li> <li>- Me slepp å skrive med blyant. Enklare å gjere heimearbeid på data.</li> <li>- Då kan me søke på ting, og har fleire alternative oppgåver på nettet.</li> <li>- Få enklare og betre plass å lagre ting.</li> <li>- Slepp dei som treng pc å kjøpe sjølv. Dei som treng det kan bruke det, så blir det ikkje forskjellsbehandling.</li> <li>- Det kan også vere nokon som ikkje har råd til mobil eller data så då kan dei vere med på det som skjer.</li> <li>- Det går raskare å skrive på pc enn for hand.</li> <li>- At skulen ikkje treng å bruke pengar på papir og kopiar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Brukar Chromebooken/PC- en til ting ein ikkje skal</li> <li>- Du må lade den heime</li> <li>- Kan knusast</li> <li>- Tek gjerne litt lang tid å skrive for dei som ikkje kan touchmetoden</li> <li>- Treng lang tid, dersom det er dårleg nett</li> <li>- dyrt</li> <li>- du kan bli avhengig av spel og sånt</li> <li>- vanskeligare for lærarane å sjå om elevane gjer det dei skal.</li> <li>- folk i timane kan sitte og skrive mail til kvarandre og baktale andre.</li> <li>- ringare handskrift</li> <li>- plager læraren viss vi held på med andre ting.</li> <li>- Mange sperre på Youtube. Får ikkje brukt ein del musikk og filmar i læringssamanheng.</li> </ul>

### Høyland skule ved Tobias Rimestad

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none"> <li>· færre kladdebøker ( bra for elev, skulen sin økonomi og miljøet)</li> <li>· går fortare å skriva på pc</li> <li>· lettare å arbeide med presentasjonar</li> <li>· får hjelp av retteprogram</li> <li>· god data heime og på skulen</li> <li>· kan lett samskrive</li> <li>· lettare å senda lekser til lærar</li> <li>· lettare å finna bilete, slepp å teikne eller skrive ut</li> <li>· slepp å gå til datarom</li> <li>· rask tilgang til ulike dokument og fag</li> <li>· slepp pålogging</li> <li>· lett å lage tabellar og diagram</li> <li>· god tilgang til info på nett</li> <li>· kan lett endre og arbeide vidare med tekst</li> <li>· liten og nett</li> <li>· alt arbeid vert lagra</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· blokkering av videoar på youtube</li> <li>· går ikkje an å ha stavekontroll direkte på nynorsk</li> <li>· dårlig for handskrifta</li> <li>· kan ikkje laste ned spel</li> <li>· viss ein øydelegg, blir det dyrt å erstatte</li> <li>· toler ikkje å dette i golvet</li> <li>· bærer på stor verdi i sekken + må passe på regn</li> <li>· kom ikkje med etui</li> <li>· problem med å installere flash player</li> </ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>· heimelekse</li> <li>· lett å søke andre oppslag</li> <li>· orden</li> <li>· høyre musikk</li> <li>· lære om data</li> </ul>	
--	--

### Motland skule ved Andrea Håland

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none"> <li>· godt å gjøre lekser på den</li> <li>· godt at vi får ha den med heim</li> <li>· rød strek under feil ord</li> <li>· lettere med chromebook enn med masse bøker</li> <li>· det er mykje enklare å skriva på chrombooken, enn med hånd</li> <li>· enklare å finne fakta og informasjon</li> <li>· lære å bruke ny teknologi</li> <li>· får ha den heilt opp til 7. klasse</li> <li>· treng ikkje kladdebok, lagres sjølv</li> <li>· lett tilgjengeleg, sparar tid.</li> <li>· lettere å dele mellom elev og lærer</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· den kan knuse</li> <li>· må hugse å lade</li> <li>· fekk ikkje veske/ etui</li> <li>· kan ikkje laste ned ting</li> <li>· henger seg opp av og til</li> <li>· du får ikkje øvd på å skrive med hånden</li> <li>· du får ikkje ha mus ved siden av chromebooken</li> <li>· me har ikkje lov til å spele på den</li> <li>· funker ikkje uten nett</li> <li>· kan ikkje chate etter skuletid</li> <li>· kan ikkje komentere på videoar på youtube</li> <li>· skulesekken blir tyngre</li> </ul>

### Nærbø ungdomsskule ved Sander Nærland Rosseland og Trym Engelsvoll

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none"> <li>· Det er betre å gjøre lekser på pc</li> <li>· Alt blir meir effektivt</li> <li>· Brettbok = mindre bøker å drasse på</li> <li>· Retteprogram</li> <li>· Fordel at du kan ha lydbøker på pcen i plassen for cd</li> <li>· Lærere kan legge ut videosnutter til læring</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Ulemper med PC</li> <li>· Lettere å mobbe andre</li> <li>· Gå inn på andre ting</li> <li>· Alt er digitalt, avhengig av PC</li> <li>· Lite plass på PC</li> </ul>

## Ogna skule ved Kristina Tuen

Positive sider	Negative sider
Lett å finna informasjon	Tekniske problem – problem med lading/lagring
Lett for lærar å sjekka leksa-onenote Lett å finna igjen leksa	Ein ting meir å passa på Hugse på å ha den opplada
Lagrar seg sjølv (onenote bl.a.)	Oppdateringar
Det går fortare å skrive og er mindre stritt	Kan bli distraherert dersom ein er på feil nettsider enn der ein skal vera
Lett å redigere det ein gjer	Vanskeleg å finna att dokument dersom ein ikkje har eit godt system eller hugsar på å lagre viss ein må det
Miljøvenleg fordi vi bruker mindre papir	Skade på pc er dyrt
Kan lære på fleire måtar og det kan vere meir motiverande for eksempel: quizlet, kahoot, spel, video....	Får mindre trening i å bruke handskrifta
Når bøkene er på pc er det lett å zoome opp teksten og kanskje få den opplest	Nokon får problem med å lesa så mykje på skjerm Nokon synest det er betre å lese på ark.

## Vigrestad storskule ved Grete Rugland

Positive sider	Negative sider
<ul style="list-style-type: none"><li>· Slepp å skriv alt for hånd</li><li>· Går ikkje tom for blyant/ark</li><li>· Slepp å leite etter ord i ordbok</li><li>· Lett å ta med</li><li>· Betre å gjer lekser på</li><li>· Held betre orden</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>· Ikkje alle får ta med heim/Vekeplanen er på pc-en</li><li>· Kan ikkje laste ned spill</li><li>· Lett å øydeleggje/Dyrare å erstatte</li><li>· Kan ikkje sjå oppgåver på pc-en når ein ikkje har nett</li><li>· Mogleg å jukse med deling og kopiering</li><li>· Digital mobbing</li><li>· Lett å bli forstyrra/gå inn på andre ting i timane</li></ul>

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
002/17	Barn og unges kommunestyre	03.11.2017

Saksbehandlar: Trude Høyland  
Sak - journalpost: 17/1724 - 17/28995

---

## Spørsmål til ordføreren BUK 2017

### Bakgrunn for saka:

Det er opna opp for at elevråda kan stille spørsmål til kommuneleiinga, og aktuelle personer vil svara på desse. Ein kan spørje om akkurat det som ein har lyst til.

For at kommuneleiinga skal kunne gje gode svar, har elevråda sendt inn ulike spørsmål på førehand.

### Tryggheim ungdomsskule

Spørsmål til ordføreren ved Magnus Vesterøy Bryne

1. Hva tenker du er viktigst for at kommunen skal fungere?

*Jonas Skrettingland (JS): Kommunen sine hovudområde: Oppvekst – helse – teknisk. Politikarane bestemmer. Rådmannen og dei tilsette utfører. For å få dette til å fungere. Me løftar I lag.*

2. Hvilke utfordringer har du som ordfører?

*Kommunestyret vel ordføreren. Ordføreren bestemmer I lag med kommunestyret som har valt han. Utfordringa er å få dei til å trekke i lag. Ordføreren skriv under på saker for kommunen. Ordføreren representerer kommunen. Utfordringa er å vera ein ordførar for heile kommunen. Me kan ikkje få til alt som folk ønsker, fordi det er ikkje er pengar til alt.*

3. Trives du på jobben?

*Ja. Det er spennande å få vera med og styre utviklinga.*



## **Bø skule ved Ole Gausland og Oskar Vigre**

Spørsmål til ordførar, rådmann eller politikarar:

1. Det er skular i Noreg som har lengre skuledagar og slepp lekser heime. Vi har sett dette på Supernytt på NRK. Kan Hå kommune innføre/ prøve dette ut?

Skulesjefen Trond Egil Sunde svara:

*Fram til nå har me ikkje funne råd til å det til. Eg lovar å ta spørsmålet med til rektormøtet.*

2. Er det lov i Hå å køyre «Classy-walk» som har fartssperre på 6 km i timen?

*Reglane i Norge er at du må vere 16 år for å kjøre opp til 20 km/t. Du kan berre kjøre dei som fabrikk har bygd for max 6 km/t, før du fyller 16.*

3. Vi ynskjer fleire mannlege lærarar. Kan politikarane i Hå gjere noko med det?

Politikar Tone Elin Berge (Ap) svara:

*Å vere lærar er ein givande jobb. Kva trur de det er lurt å gjere for å få fleire menn i skulen?*

4. Vi ynskjer trampolinepark og kino på Nærbø. Kan det vere aktuelt når «oppussing» av sentrum skal planleggast?

*JS: Det er vanskeleg å lova. Me ønsker liv i sentrum. Kommunen vil nok ikkje bruka pengar på kino.*

5. Til ordføraren: Kvifor vil du vere ordførar?

*JS: Eg vil påverka korleis me skal ha det i Hå. Slik begynte det, og eg har fått mange spennande opplevingar og oppgåver etter det.*

## **Vigrestad storskule ved Grete Rugland og Amalie Haarr**

Spørsmål til politikarane:

1. Kvifor må barnehagen kome på nedsida av skulen?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen(WP):

*Den fyrste tomte vi såg på går rett forbi jernbanen, det var vanskeleg med parkering og trafikkfarleg. Denne nye plasseringa er betre. Og så blir det lettare å ha praksis i valfag der.*

2. Er det mogleg å ordne sykkelsti på farlege vegar/der det manglar? Eks. Rugland, Aniksdal osv.

*JS: Sykkelstien står på kommunen si prioriteringsliste, men litt langt nede. Vil de påverka der må de snakka med poltikarane i kommunestyret.*

3. Er det mogleg å få ein ungdomsklubb som er religiøst uavhenging på Vigrestad?

Kultursjef Marianne Helvik (MH):

*Me planlegg ikkje ein kommunal klubb der nå. Me har ikkje pengar til det. Torjå kafe vil gjere forsøk med ungdomsdiskotek. Fyrste gong 21.12.2017*

4. Kvifor har me lekser? Er det mogleg med forsøk med leksefri skule?

(Ref til spm 1 frå Bø skule)

**Ogna skule** ved Maria Oltedal, Steinar Wilhelm S Normann og William Tuen  
Spørsmål til politikarane:

1. Kvifor bytta vi halv dag frå onsdag til tysdag?

Komunalsjef Waldemar Pettersen:

*Det er for å kunna samarbeida i dei fire Jærkommunane. Lærarane har same planleggingstid.*

2. Er det mulig å få gangfelt ved Svingen grill?

*JS: Dette er fylkesvei, og Vegvesenet seier det er tryggare utan gangfelt, når du er ute av tettbygd strok. Det er meir aktuelt med lågare fartsgrense.*

3. Er det mulig å få lyktestolper på Høllandssletta?

*Der det går mange, blir prioritert før der det går få. Høllandssletta er ikkje på prioriteringslista*

**Nærbø ungdomsskule** ved Sander Nærland Rosseland

Spørsmål til politikere:

1. Kan kommunen seie at skulane ikkje kan halde mobilane til elevane lengre enn klokka 2?

Skulesjef Trond Egil Sunde:

*Ja. Det er hovudregelen. Det vil vera unntak frå regelen. Nokre av lærarane har gjort avtale med foreldra. Eg tek det opp på rektormøtet.*

2. Korti skal Nærbø ungdomsskule få chromebook?

*Dei som har fått i-pad må fortsetje å bruke denne. Når dei blir skifta ut, kjem chromebook.*

3. Har dere fått noko tilbakemelding om chromebook.

*Ja – dei er svært positive.*

**Motland skule** ved Xander Brandal og Casper Steinsland

1. Har kommunen tenkt å få flere butikker til Nærbø?

JS: Kommunen legg til rette for butikkar, men har ikkje noko meining av kva for butikkar som bør vera der. Om butikkane klarer seg, kjem an på om me brukar dei.

2. Me ynskjer skuletur, kan kommunen bevilga pengar til turar?

TES: Spør rektor om det. å landsbasis er det råd å søka om pengar til leirskule ein gong pr elev. Det kan ungdomsskulane få lov å søke om.

3. Kva gjer Hå kommune for å ta vare på miljøet/klimaet?

WP: Ei arbeidsgruppe arbeider med klima / energiplan. Ny læreplan blir bra på dette. Me ser på energibruk og utslepp. Me ser på tiltak som gjer effekt i landbruket.

Politikar Tone Elin Berge (Ap):

Eg er forviten på kva de meiner om desse spørsmåla. Send epost til politikarane. Adressene ligg på nett.

4. Kva kjem på meieritomta, Nærbø?

JS: Det er private som eig – dei arbeider med å få politistasjonen dit. Det blir uansett mange boligar.

### **Høyland skule ved Ine Helberg Njærheim**

1. Kvifor kan ikkje Høyland skule få pengar til å pussa opp skulen ute?

Eigedomssjef Arne Birkeland.

Eg håpar me får til noko neste år – det blir foreslått å bruka pengar neste år.

### **Varhaug skule ved Ben Thomas Kverme**

Spørsmål elevane ønskjer å stilla til ordførar/politikarar/rådmann

1. Kvifor får ikkje skulen meir pengar frå kommunen, slik at dei kan kjøpe ting?

JS: Me kan ikkje bruka meir pengar enn me får inn. Tysdag får politikarane eit forslag frå Rådmannen. Kommunestyret vil diskutera dette forslaget og sjå om dei forandra på noko. Me kan låna til å bygga, men ikkje til å driva aktivitet.

2. Kvifor har vi ikkje varm mat på skulen?

TES: Mat er kjempeviktig. Nokre skular manglar plass til å lage til mat. Rektor må tenka på om han heller vil bruka litt av løna på lærarar enn på kokk.

3. Dei midlertidige brakkene som blir sett opp i skulegarden vår, tek vekk ein del av uteområdet vårt. I tillegg vert endå meir stengt når bygginga byrjar. Kjem vi til å få nye

apparat/ballbingar når byggeprosessen er over?

TES: *Me har fått pengar til å bygge for. Når det blir ferdig, får me sjå kva me får pengar til.*

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
003/17	Barn og unges kommunestyre	03.11.2017

Saksbehandlar: Trude Høyland  
Sak - journalpost: 17/1724 - 17/28996

---

## **Fordeling av midlar BUK 2017**

### **Bakgrunn for saka:**

Kvart elevråd førebur eit forslag («framlegg til vedtak») på kva 30 000 kroner skal bli brukt til. Totalsummen er 60 000 kroner, men den vert delt i to:

- 30 000 kroner går til forslag frå 5.-7.trinn
- 30 000 kroner går til forslag frå 8.-10.trinn

Elevrådet lagar eit forslag ut frå desse kriteria:

- a. Skal kvar enkelt skule ha ein aktivitet?
- b. Skal kvar enkelt skule gå til innkjøp av utstyr?
- c. Skal ein støtta ein organisasjon eller eit veldedig formål?

Dersom det kjem forslag slik som i pkt. a, må det òg gå klart fram på kva måte aktiviteten skal gjennomførast og namn på kven som er ansvarleg. Arrangementet må og vera gjennomført før/seinast påsken 2018.

Forslag frå det enkelte elevråd vert stemt på, og pengane skal enda opp med å bli fordelt på eit eller to av forslaga som er komne inn.

### **Tryggheim ungdomsskule**

Kanonball turnering i Loen med alle ungdomsskolene med grillfest (både med pølser og hamburger).

### **Varhaug ungdomsskule**

Kva vil me at 30 000 kr skal brukast til? Me på Varhaug ungdomsskule vil at desse pengane skal brukast til at kvar skule arrangerar aktivitetsdag. Me ynskjer å arrangera ein

aktivitetsdag for heile skulen vår med kanonballturnering som hovedaktivitet. Me ynskjer å ha andre småaktivitetar i tillegg som dei som ikkje spelar kamp kan halda på med. Me i elevrådet vil stå i spissen for dette arrangementet. Me vil også at det kan vera matsservering denne dagen, til dømes grilling for heile skulen.

### **Bø skule**

Vi ønskjer at kvar enkelt skule skal arrangere ein aktivitet, t.d. ein aldersblanda aktivitetsdag. Elevane på Bø liker godt aldersblanda dagar, då ein blir kjende med mange frå andre trinn, og treff andre vaksne. Det er bra for skulemiljøet. Vi kunne t.d. tenke oss ein aldersblanda aktivitetsdag med kanonballturnering. Kanonball fordi det er eit ballspel mange liker, og det ikkje er ein idrett nokon går på på fritida. Laga er delte på tvers av trinn. Då blir vi kjende med elevar frå andre trinn. Vi ser for oss at 4.- 7. har ein dag, og 1.-3. har ein annan, då det blir vanskeleg med lag med både dei minste elevane og dei største. Pengane kan ein bruke til frukt og saft eller liknande, godt med servering undervegs! Vi ser for oss at elevrådslærar, elevråd og andre lærarar med kompetanse i kroppsøving tar ansvar som lagleiarar, dommarar og arrangør. Dette må ein sjå på kvar skule korleis det passar best der.

### **Vigrestad storskule**

Både mellomtrinnet og ungdomstrinnet har kome fram til at vi ynskjer at pengane skal bli fordelt mellom skulane. På den måten kan skulen sjølv bestemme om det er størst behov for å bruke dei til å kjøpe inn utstyr eller å ha ein sosial aktivitet. Det skal uansett vere noko som er positivt for det sosiale miljøet på skulen.

### **Ogna skule**

- 1.Frå ungdomstrinnet: gi pengane til eit godt formål – kreftforeninga i Rogaland
- 2.Frå mellomtrinnet: fordele pengane mellom skulane slik at kvar klasse kan leggje dei i ein klassetur

### **Nærbø ungdomsskule**

Me ynskjer pengane skal gå til:

- 1.Fritidsklubbene i Hå

### **Motland skule**

- 1.Trampoline i skulegarden (slik som dei har på bø skule)
- 2.Korgball stativ med fleire korgar
- 3.Tak som vi kan stå under om det regner

### **Høyland skule**

Høyland skule ynskjer at kvar skule skal ha ein aktivitet. På Høyland vil vi ha kanonballturnering. Elevrådet sitt forslag er at vi delar elevane inn i aldersblanda grupper og har kamp mot kvarandre. Alle kampene skal ikkje vera på same dag. Den dagen det er finalekamp, har vi pølser og brus. Laget som vinn får ein premie. Elevrådet, i saman med

Grethe Honnemyr, skal ha ansvaret for denne turneringa.

### **Varhaug skule**

Varhaug skule ynskjer å bruke pengane på eit veldedig formål. Dei vil hjelpe barn og unge som ikkje har det like godt som dei sjølve har. Difor ynskjer elevane å støtte ein organisasjon eller ei sak som har barns liv og rettar i fokus. Rett til skulegang, mat og andre viktige behov.

Dei har ikkje bestemt seg for ein spesiell organisasjon, men ynskjer at det å hjelpe barn på deira alder skal vere i fokus.

Det var mange forslag til vedtak. Ordføraren sette to grupper opp mot einannan. Formålet med det var å få avgjort om delegatane ville

- a) gjera eit samla vedtak for kvart trinn, eller om dei ønska at
- b) den enkelte skulen skulle bruka «sin del» av tilskotet, slik det var føreslått frå elevråda.

### **Ungdomstrinnet:**

4 stemte for a) eit felles vedtak.

11 stemte for b) at kvar skule kunne disponere ein del

### **Mellomtrinnet:**

2 stemte for a) eit felles vedtak til eit veldedig formål eller ungdomsklubb.

16 stemte for b) at kvar skule kunne disponere ein del

### **Vedtak:**

30 000 på ungdomstrinnet og 30 000 på mellomtrinnet vert fordelt ut til den enkelte skule, som igjen kan bruka dei til tiltak som ligg i innsende forslag.

### **Dette betyr at:**

På ungdomstrinnet får skulane kr. 6 000,- kvar. Pengane skal vera brukte innan seinast påsken 2018.

På mellomtrinnet får skulane kr. 5 000,- kvar. Pengane skal vera brukte innan seinast påsken 2018.

<b>NAMN PÅ ELEVAR SOM DELTEK PÅ BUK 03.11.2017</b>		
<b>Varhaug ungdomsskule</b> 8-10 trinn	Sivert Varhaug Oda Karoline Nord-Varhaug Ånestad Sandra Kristensen	
<b>Motland barneskule</b> 5-7 trinn	Andrea Håland Casper Steinsland Xander Brandal	
<b>Nærbø ungdomsskule</b> 8-10 trinn	Trym Engelsvoll Sander Nærlund Rosseland Joakim Hobberstad	
<b>Høyland barneskule</b> 5-7 trinn	Ine Helberg Njærheim Tobias Rimestad Mathias Salte	
<b>Vigrestad storskule</b> 5-7/ 8-10 trinn	5.-7.trinn: Erik Apneseth Synne Haugstad Aarsland Marius Mattingsdal.	8.-10. trinn: Mustak Bakhtyari Grete Rugland Amalie Haarr
<b>Ogna barne- og ungdomsskule</b> 5-7/8-10 trinn	5. trinn William Tuen  6. trinn Steinar Wilhelm S.Normann  7. trinn Maria Oltedal	8. trinn Rikke Sirevåg  9. trinn Kristina Tuen  10. trinn Kim Atle Kleven
<b>Bø skule</b> 5-7 trinn	Kristin Lindal Ole Gausland Oskar Vigre	
<b>Varhaug barneskule</b>	Kasper Dubland Ben Thomas Kverme Camilla Ueland	
<b>Tryggheim ungdomsskule</b> (privat) 8-10 trinn	10. trinn: Magnus Vesterøy Bryne  9. trinn: Torkel Bjuland  8. trinn: Lillian Husveg	



Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Anne Berit Berge Ims

Waldemar Pettersen (kommunalsjef opplæring og kultur)



Trond Egil Sunde (skulesjef)

Marianne Helvik (kultursjef)

Arne Birkeland (eigedomssjef)

**Velkommen ved ordfører og rådmann:**

Ordfører Jonas Skrettingland ønska velkommen til det fjerde barn og unges kommunestyremøte. Han opna møtet, orienterte kring det praktiske, om sakskartet og ønska alle lukka til med dagens møte.



Ordføreren presenterte rådmannen.

Rådmannen presenterte dei frammøtte frå administrasjonen og elev frå kulturskulen;

Gita Yonatite (frå Oгна). Ho framførte to songar.



**Ungdomsrådet** (URÅ) ved Live Skrettingland og Joakim Årrestad

URÅ skal ha årsmøte den 30.november.

15.november kjem Abdil Khan (dommar i Norske talenter) til Nærbø og Vigrestad i URÅ regi.

To delegatar frå URÅ dreg til Island i slutten av november.

Ny utveksling i 2018.

Viste video frå utveksling i Tsjekia 2016. 15 stk deltok.



### Besøk av stortingsrepresentantane Alexander Stokkebø og Margareth Hagerup.

Stortinget jobbar med: Lærarløft - tidleg innsats – godt skulemiljø.


Kvifor engasjera seg? Det nyttar.

Margareth Hagerup snakka om eksempel frå lokalpolitikken. Det er viktig at alle vert høyrte. Men me har begrensa med pengar; me kan ikkje få alt.



IKTguru om: **DIGITALISERING** Arne Tveranger frå Klepp ungdomsskule

Drog historiske parallellar – verda utviklar seg raskare og raskare.



## Gruppearbeid om kjørereglar

Inndeling på tvers av skulane, men på same alderstrinn. Koma fram til 5 kjørereglar som skal enda opp i eit felles dokument med; *Sånn vil me ha det*. Dette med utgangspunkt i tilsende «case».

Det er arbeidsgruppa til BUK som skal setja saman eit knippe kjørereglar, basert på alle innspel frå gruppene.

5.-7.trinn (gul, blå, grøn, og rød gruppe).

### GUL GRUPPE

- Privat brukar
- Sikra passord som ikkje kan hakkast.
- Tenk på kva du legg ut
- Korleis ville du reagert?

### BLÅ GRUPPE

- Spør før du legg ut noko
- Ikkje mobba
- Ikkje gå på andre (nett-)sider enn du skal
- Følg aldersgrensa

### GRØN GRUPPE

- Ligga i sekken fram og heim frå skulen
- Halda seg til aldersgrensa
- Dataen må vera opplada
- Like reglar for alle

### RØD GRUPPE

- Er det greitt å pressa nokon til å ta bilde?
- Pass på å ikkje sende private bilde. Viss du kan visa det til mora di, kan du senda det.

8. – 10. trinn

#### GRUPPE 1

- Aldri gje vekk passordet ditt
- Tenk på kva du skriv og legg ut på nettet.
- Gje beskjed om nokon blir mobba på nettet
- Få lov av dei det gjeld før du legg ut bilete av nokon.
- Ikkje gje vekk identiteten (personleg informasjon) til folk du ikkje kjenner.

#### GRUPPE 2

- Kjeldekritikk
- Få lov av dei det gjeld når du vil legge ut noko av andre
- Respekter andre
- Ikkje legg ut personleg informasjon
- Ikkje ver innpå nettsider du ikkje skal vere på

#### GRUPPE 3

- Ikkje gje deg ut for å vera nokon andre på nett.

- Respektera reglar for filming og liknande av andre.
- Ikkje mobb andre på nett
- Ikkje bryt nettvettreglane

Det vart servert frukt, vatn , kaffi og te på formiddagen. Menyen i lunsjpausen var;

Pizza og brus

Etter å ha ete god pizza, var det tid for å opna opp for tildeling av midler.

Elevane stemde for å bruka pengane på:

Kvar enkelt skule (5.-7. trinn) og det same gjorde 8.-10. trinn.

30 000 x 2 vert fordelt ut til den enkelte skule, som igjen kan bruka dei til tiltak som ligg i innsende forslag.

Ordføraren takka rådmannen og hennar stab. Takk for gode innlegg. Møtet heva.

Ordføraren stod i døra og takka kvar enkelt elev når dei gjekk heim; og dei fekk òg med seg ei drikkeflaske med Hå kommunelogo på.





